

# Møteprotokoll for Heradsstyret

**Møtedato:** 11.05.2022  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 14:00 - 22:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Aksel Mjøs	H	Medlem
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Roald Åge Kleppe	SV	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Asgeir Presttun	SP	Medlem
Frode Flesland	SP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstattar medlem</b>
Helge Valestrand Edvardsdal	SP	Asgeir Presttun

Jon Daltveit	SP	Frode Flesland
Sebastian Andre Haugland	H	Berit Moslett Borge
Herdis Helle	AP	Jørgen Varden
John Tysse	FRP	Ellinor Therese Birkeland

---

**Følgjande frå administrasjonen møte: Rådmannen, kommunalsjef for oppvekst, undervisning og kultur, leiar for barnehage, leiar for skule, leiar for familiens hus, leiar for barnevern, leiar for kultur og mangfald, politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
040/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
041/22	Godkjenning av møtebok
042/22	Referatsaker og meldingar
043/22	Delegerte saker
044/22	Vedtak av planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2035
045/22	Orientering av tilsyn i barnevernstenesta
046/22	Vurdering av utvida opningstid frå kl 07:00 i skulefritidsordninga for skulane i Osterøy
047/22	Busetting av flyktingar 2022: Prosjektskildring
048/22	Nyval av varamedlem for MDG til heradsstyret for perioden 2019-2023
049/22	Val av representantar til styret - Hamre Kyrkjestad 1000 år
050/22	Andre saker/spørsmål

*Frå kl 14:00-16:00 var det fagseminar for sektor for oppvekst, undervisning og kultur.*

*Frå kl 16:00-16:30 var Osterøy aktiv AS invitert til møte for å orientere om status i selskapet*

## **040/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **11.05.2022 HERADSSTYRET**

Henrik Øksnes, FRP, hadde før møtet varsla spørsmål om reduksjon på tal heradstyremedlem til sak 050/22.

Kim Andre Hartveit, FRP, varsla eit spørsmål om skog til sak 050/22.

Roald Åge Kleppe, SV, varsla eit spørsmål om vegen frå Bernes-Tyssebotn til sak 050/22.

Det var elles ingen merknader til innkalling og sakliste

-----  
Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

### **HS - 040/22 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

## **041/22: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 06.04.2022 vert godkjend.**

### **11.05.2022 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

### **HS - 041/22 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 06.04.2022 vert godkjend med følgjande tillegg til referatsak nr 2 - status om forvaltningsrapport: «Aksel Mjøs kommenterte at Kontrollutvalet si årsmelding var aktivitetsorientert og sakna ei samla vurdering av status på dei områda dei vurderer som vesentlege. Dette inkluderer korleis kommunen har følgd opp meldingar frå Kontrollutvalet gjennom året.»**

---

## **042/22: Referatsaker og meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

### **11.05.2022 HERADSSTYRET**

Det var ingen merknader til referatsaker og meldingar.

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

### **HS - 042/22 VEDTAK:**

Referatsakene vert tekne til vitande.

---

## **043/22: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

### **11.05.2022 HERADSSTYRET**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene.

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

### **HS - 043/22 VEDTAK:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

---

## **044/22: Vedtak av planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2035**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for KPA vert vedteke slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

#### **04.05.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Utvalsleiaren gjorde slikt fellesframlegg på vegne av utvalet:

"Rådmannen sitt framlegg til planprogram for KPA vert vedteke med følgjande endringar:

-Tilleggspunkt i lista nedst på side 20:

--Kartleggja relevant omsynsbehov for elvemusling som grunnlag for både planar og framtidige tiltak i kommunen, gjerne som del av temaplan for naturmangfald.

-Til pkt. 4.1.: KDP for idrett og fysisk aktivitet må inkludera tilrettelegging for mindre idrettar og uorganisert aktivitet, som t.d. motorsport, hestesport osv..

-Endring av andre avsnitt under 6.1.:

«Dei kommunalt folkevalde skal trekkast aktivt inn i planprosessen. Dette er viktig både for å sikre ein god prosess, men og av di det medverkar til at dei folkevalde får eigarskap til planen. Involvering vil skje gjennom etablering av ei politisk styringsgruppe og ei politisk arbeidsgruppe. Heradsstyret er politisk styringsgruppe, medan medlemmer frå plan- og kommunalteknisk utval (PT-utvalet), samt ein representant med vararepresentant frå kvart parti som ikkje er representert i PT-utvalet, vil utgjera politisk arbeidsgruppe. Leiar av PT-utvalet leier den politiske arbeidsgruppa, og tilrettelegg arbeidet. Arbeidsgruppa arbeider også fram eigne merknader og arealinnspele. Politisk arbeidsgruppe innstiller direkte til Formannskapet. Arbeidsdelinga er nærare omtala i Vedlegg 1.»"

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **PL - 048/22 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til planprogram for KPA vert vedteke med følgjande endringar:

-Tilleggspunkt i lista nedst på side 20:

-Kartleggja relevant omsynsbehov for elvemusling som grunnlag for både planar og framtidige tiltak i kommunen, gjerne som del av temaplan for naturmangfald.

-Til pkt. 4.1.: KDP for idrett og fysisk aktivitet må inkludera tilrettelegging for mindre idrettar og uorganisert aktivitet, som t.d. motorsport, hestesport osv..

-Endring av andre avsnitt under 6.1.:

«Dei kommunalt folkevalde skal trekkast aktivt inn i planprosessen. Dette er viktig både for å sikre ein god prosess, men og av di det medverkar til at dei folkevalde får eigarskap til planen. Involvering vil skje gjennom etablering av ei politisk styringsgruppe og ei politisk arbeidsgruppe. Heradsstyret er politisk styringsgruppe, medan medlemmer frå plan- og kommunalteknisk utval (PT-utvalet), samt ein representant med vararepresentant frå kvart parti som ikkje er representert i PT-utvalet, vil utgjera politisk arbeidsgruppe. Leiar av PT-utvalet leier den politiske arbeidsgruppa, og tilrettelegg arbeidet. Arbeidsgruppa arbeider også fram eigne merknader og arealinnspele. Politisk arbeidsgruppe innstiller direkte til Formannskapet. Arbeidsdelinga er nærare omtala i Vedlegg 1.»

#### **04.05.2022 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Innstilling frå PTU - 1 røyst (1FRP)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak - 8 røyster

## FS - 041/22 VEDTAK:

Planprogrammet for KPA vert vedteke slik det ligg føre.

### 11.05.2022 HERADSSTYRET

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

## HS - 044/22 VEDTAK:

Planprogrammet for KPA vert vedteke slik det ligg føre, jf. pbl §11-13 med følgjande endringar:

-Tilleggspunkt i lista nedst på side 20:

--Kartleggja relevant omsynsbehov for elvemusling som grunnlag for både planar og framtidige tiltak i kommunen, gjerne som del av temaplan for naturmangfald.

-Til pkt. 4.1.: KDP for idrett og fysisk aktivitet må inkludera tilrettelegging for mindre idrettar og uorganisert aktivitet, som t.d. motorsport, hestesport osv..

-Endring av andre avsnitt under 6.1.:

«**Dei kommunalt folkevalde skal trekkast aktivt inn i planprosessen. Dette er viktig både for å sikre ein god prosess, men og av di det medverkar til at dei folkevalde får eigarskap til planen. Involvering vil skje gjennom etablering av ei politisk arbeidsgruppe. Medlemmene frå plan- og kommunalteknisk utval (PT-utvalet), samt ein representant med vararepresentant frå kvart parti som ikkje er representert i PT-utvalet, vil utgjera politisk arbeidsgruppe. Leiar av PT-utvalet leier den politiske arbeidsgruppa, og tilrettelegg arbeidet. Arbeidsgruppa arbeider også fram eigne merknader og arealinnspele. Arbeidsdelinga er nærare omtala i Vedlegg 1.**»

### **Vedlegg 1:**

Pr. 11.5.22

Nærare om arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

I samband med arbeidet med innspel til kommuneplanen sin arealdel er det trong for å presisera arbeidsprosessane.

Planavdelinga er allereie i arbeid med å laga operasjonelle kriteria og tenlege skjema for handtering av innspela. Dette vil gjera den planfaglege handteringa av innspela og tilrettelegginga for politisk handsaming betre og meir prinsipiell. Kriteria vil i særleg grad byggja på Samfunnsplanen, men og på føringar frå sentrale og regionale styresmakter.

Innspelsrunden startar 11. mai med frist 1. august '22, basert på endeleg vedteke planprogram.

Arbeidsdelinga vil vera:

#### **1. Rådmannen/Planavdelinga**

a. Planavdelinga utarbeider silingskjema med operasjonelle kriterium.

b. Tek imot, vurderer og silar alle innspel ut frå planfaglege kriteria og allereie vedtekne føringar

c. Førebur sakene til politisk handtering etter seinare avtalt arbeidsprosess, dette inkluderer ansvar for gjennomføring av konsekvensutgreiingane, enten sjølv, eller med innleigd kapasitet

#### **2. Politisk arbeidsgruppe**

a. Politisk arbeidsgruppe er samansett av Planutvalet med tillegg av ein representant, med varamedlem, frå dei tre partia som ikkje har faste medlemmer i Planutvalet (V, SV, KrF).

Representantar frå Planavdelinga vil og delta i møta. Arbeidsgruppa lagar eigne, offentlege protokollar for kvart møte, men hovudleveransen er ei samla innstilling basert på alle innspel og også

eigne vurderingar overfor politisk styringsgruppe, samt konsekvensutgreiingane.

b. Gruppa kjem i første omgang med merknadar til silingsskjema, slik at dette vert eit samstemt grunnlag for Planavdelinga sitt arbeid med innspela.

c. Gruppa set av tilstrekkeleg tid til å handtera innspela og Planavdelinga sine vurdering av desse. Omfanget og tal møter vil avhenga av talet på og kor arbeidskrevjande innspela er.

d. Gruppa gjer i første omgang, basert på Planavdelinga si siling, ei vurdering av kva innspel som skal konsekvensutgreiast og difor verta prioritert i Planavdelinga sitt arbeid, samt kva innspel som allereie ut frå ei første vurdering ikkje er i samsvar med rammer og kriteria.

e. Gruppa gjer i andre omgang ei handsaming av Planavdelinga si samla faglege vurdering og konsekvensutgreiing av prioriterte innspel som underlag for samla innstilling til vidare politisk handsaming, i første omgang i Formannskapet som så innstiller til Heradsstyret.

f. Ved trong for prinsipielle avklaringar i prosessen, vert dette lagt fram for Heradsstyret.

### **3. Heradsstyret**

a. Heradsstyret er prosesseigar for planarbeidet, og handsamar til slutt utkastet til kommuneplanens arealdel, basert på innstilling og dokumentasjon frå Formannskapet, med ordinær høyringsrunde på dokumentet, men utan høve til nye arealinnspel.

### **4. Fullmakt**

a. Ordførar og leiar av Planutvalet har saman fullmakt til å gjera mindre prosessmessige justeringar til desse arbeidsdelingane om det er særleg naudsynt.

---

## **045/22: Orientering av tilsyn i barnevernstenesta**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Heradsstyret tek orienteringa til vitande.**

### **04.05.2022 FORMANNSKAPET**

Tone Mjelde, SV, ønskjer sin gildskap vurdert då ho var tilsett i barnevernet i Osterøy kommune til og med mars 2022.

-----  
Tone Mjelde, SV, forlet møte

Ingen vara møtte.

8 medlemmar/varamedlemmar tilstades  
-----

### **AVRØYSTING gildskap:**

Tone Mjelde, SV, vert samrøystes kjend ugild jf. fvl. §6 andre ledd.  
-----

### **AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke

### **FS - 042/22 VEDTAK:**



**Heradsstyret tek orienteringa til vitande.**

**11.05.2022 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

**HS - 045/22 VEDTAK:**

**Heradsstyret tek orienteringa til vitande.**

---

**046/22: Vurdering av utvida opningstid frå kl 07:00 i skulefritidsordninga for skulane i Osterøy**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Utviding av opningstida vert vurdert i behandling av budsjett for 2023.**

**04.05.2022 FORMANNSKAPET**

Tone Mjelde, SV, kom tilbake i møte.

Fulltalig formannskap

---

**AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke

**FS - 043/22 VEDTAK:**

**Utviding av opningstida vert vurdert i handsaming av budsjett for 2023.**

**11.05.2022 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

**HS - 046/22 VEDTAK:**

**Utviding av opningstida vert vurdert i handsaming av budsjett for 2023.**

---

**047/22: Busetting av flyktningar 2022: Prosjektskildring**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**  
Orienteringa vert teke til vitande.

**04.05.2022 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke

**FS - 044/22 VEDTAK:**

Orienteringa vert teke til vitande.

**11.05.2022 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

**HS - 047/22 VEDTAK:**

Orienteringa vert teke til vitande.

-----  
**048/22: Nyval av varamedlem for MDG til heradsstyret for perioden 2019-2023**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Ordførar sitt framlegg til vedtak:**  
**Heradsstyret tek saka til vitande.**

**04.05.2022 VALSTYRET**

**AVRØYSTING:**

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke

**VS - 006/22 VEDTAK:**

Heradsstyret tek saka til vitande

**11.05.2022 HERADSSTYRET**

Framlegg og avrøysting kjem fram av voteringsprotokoll som ligg nedst i samla møteprotokoll.

**HS - 048/22 VEDTAK:**

## Heradsstyret tek saka til vitande

---

### 049/22: Val av representanter til styret - Hamre Kyrkjestad 1000 år

#### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker

#### 11.05.2022 HERADSSTYRET

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde krav om skriftleg avrøysting om val av medlemmer/varamedlemmer til styret.

Ordførar godkjende krav om skriftleg avrøysting og det vert utnemnd slikt tellekorps: Henrik Øksnes, FRP, og Herdis Helle, AP.

#### Avrøystinga vert slik:

Rita Tveiten, AP, fekk 21 røyster som fast medlem og 4 røyster som varamedlem  
Ragnar Tyssebotn, FRP, fekk 6 røyster som fast medlem og 2 røyster som varamedlem  
Ordførar fekk 20 røyster som fast medlem og 3 røyster som varamedlem  
Kari Mjøs fekk 3 røyster som fast medlem og 16 røyster som varamedlem

#### HS - 049/22 VEDTAK:

Representantar frå Osterøy kommune til Hamre kyrkjestad - 1000 år er:

Styremedlemer: Lars Fjeldstad og Rita Tveiten

Varamedlem: Kari Mjøs

---

### 050/22: Andre saker/spørsmål

#### Rådmannen sitt framlegg:

#### 11.05.2022 HERADSSTYRET

Henrik Øksnes, FRP, hadde slikt spørsmål: Ber om at sak om mogleg reduksjon av tal medlemmer i heradsstyret i Osterøy kommune kjem til handsaming i heradsstyret med, med verknad frå neste kommunestyreval.

Ordføraren ga slikt svar: Det er naturleg at heradsstyret tek stilling til dette før neste kommuneval, spesielt sidan det no er ein stund sidan dette vert sett på sist. Det kjem difor sak om dette etter

sommaren.

---

Kim Andre Hartveit, FRP, hadde slikt spørsmål: Er det noko kommunen, eller heradsstyret, kan gjere med dei areala som står igjen når skog er hogga ned. Det ser ikkje særlig pent ut når skog er teke ned og fjerna og heller ikkje når ny og tett krattskog veks opp. Eg ønskjer at desse områda kan takast betre vare på og nyttast betre.

Grunna spørsmålet ikkje vart meldt før møte vert det ikkje gjeve noko svar i møte.

---

Roald Åge Kleppe, SV, hadde slikt spørsmål: Er det noko ordføraren, eller kommunen, kan gjere for alle dei dårlege vegene i kommunen, til dømes vegen frå Fotland/Bernes-Tysebotn.

Grunna spørsmålet ikkje vart meldt før møte vert det ikkje gjeve noko svar i møte.

**HS - 050/22 VEDTAK:**

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Kari L. Mjøs og Ole Johannes Mjøs

Lonevåg, 11.05.2022

Runar Ludvigsen  
Sekretær